

## Kvifor treng vi prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta?

(R) Rundebord

13.00-14.30, Spor 5: Mimes Brønn

### Rundebordsdeltakarar

Malena Grov Ottesen, Haugaland DPS, Helse Fonna, [malena.grov.ottesen@helse-fonna.no](mailto:malena.grov.ottesen@helse-fonna.no)

Haakon Raa Tveit, BUP Haugesund, Helse Fonna

Brynjulf Stige, Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, UiB

### Samandrag

Først ein presentasjon frå musikkterapeutane i Helse Fonna sitt arbeid med prosedyrar som rammeverk for det musikkterapeutiske arbeidet i spesialisthelsetenesta:

Det har skjedd mykje i helsevesenet sidan den første musikkterapeuten i Norge vart tilsett ved eit DPS i 2002. Frå å være få, er vi blitt ganske mange, og det dukker stadig opp nye stillingar. Det har vore ei stor endring for alle helsepersonell i krav knytta til dokumentasjon og trygg pasientbehandling, blant anna med innføring av nye retningslinjer (Helsedirektoratet 2013) og pakkeforløp (Helsedirektoratet 2018). Korleis skal musikkterapeutar i åra framover jobbe innan ramma som speialisthelsetenesta er? Kva treng vi av rammeverk for å sikre pasientane våre, god og trygg behandling som samsvarer med våre eigne yrkesetiske retningslinjer (Creo 2022), og helsedirektoratet sine retningslinjer for behandling? Kan prosedyrar hemme det kreative og fleksible arbeidet som musikkterapi er?

Vi vil fortelje om korleis arbeid med prosedyrar har vore ein arena for faglege refleksjonar og samarbeid med leiinga. Korleis vi trur at prosedyrar i musikkterapi kan gjere det tryggare som musikkterapeut å stå i faglege utfordringar i møte med pasientar, kollega og leiinga.

Etter presentasjonen: rundebord med ulike aktørar frå psykisk helsevern som deltek i diskusjon rundt behovet for prosedyrar og rammeverk, innhald i desse og korleis ein kan jobbe med å etablere det på sin arbeidsplass.

### Referansar

Helsedirektoratet (2018). *Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018–2020*. Henta frå:

Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018-2020 (helsedirektoratet.no)

Helsedirektoratet. (2013). *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med psykoselidelser*. Henta frå: Psykoselidelser - nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med psykoselidelser – Helsebiblioteket

Creo (2022). *Yrkesetiske retningslinjer for musikkterapeuter – 2022 versjon*. Utformet av Creos fagpolitiske utvalg for musikkterapeuter. Henta frå: FS-28-03-22-Reviderte-yrkesetiske-retningslinjer-for-musikkterapeuter-2022-bokmal.pdf (creokultur.no)